




9 km Ca 3 timar

Stokksund

Fin padletur på om lag 9 km ved Stokksund i Herøy kommune.

Etter utsett av kajakk padlar du austover og under brua ved Jensholmen. Ver merksam på at her kan vere tidsvasstraum. Når du kjem gjennom brua svingar du til høgre og kursar på neset «Indre Tangen», følg land til du kjem til brua, følg brua vidare og padle gjennom sundet ved Buskeholmen. Om det er skikkeleg fjøre sjø, må du padle på utsida av Buskeholmen.

Etter om lag 1 km kjem du til Stokksundet, fortsett vidare austover og padle på sørsida av øya ved Gullura. Når du no snur må du vurdere om det er vêrforhold til å padle på utsida av Stokksund, om ikkje forhold tek du same veg tilbake. Fortsetter du frå Gullura og rundt Stokksund på nordsida, vil du måtte padle i eit litt eksponert område. På austsida av Stokksund, finn du ei fin bukt som du kan padle inn på ved flo sjø. Vurder forholda på tilbaketuren og velg trasè deretter.



Teiknforklaring

Padlerte

- Gradering * - * * grøn - ikkje ved lavvann
- Gradering * - * * grøn
- Gradering * - * * blå

P Parkering

L Trygg landing - rasteplass

- Bølger
- Straum
- Båttrafikk
- Ver oppmerksom
- Vind
- Kiosk



Lenke til kartløysing:
[Bit.ly/padlekart](https://bit.ly/padlekart)



Ulykke ☎ 113

Kvalitetsikra av:
padling.no

Padlevettegrar

1. Velg båt som høve til dine evne og til turen.
2. Sjekk at utstyret er i orden.
3. Kle deg etter vasstemperaturen. Ha med reservekle.
4. Ha alltid på deg godkjend padlevest.
5. Overvurder ikkje dine egne evner. Øv deg på redningsteknikkar.
6. Dersom du velte, forlat ikkje båt eller åre.
7. Ha respekt for ver og vind, og sjekk vermeldinga før du går ut i kajakk eller kano.
8. Hald god avstand til andre båtar. Sørg for å bli sett.
9. Lær deg livredning.
10. Ver miljøbevisst. Vis omsyn overfor naturen. Husk sporlaus ferdsl

